

## SKULEEKSAMEN I

### SOS1000 Innføring i sosiologi

**4. desember 2015**

**6 timar**

Ingen hjelpemiddel er tillatne under eksamen.

Sensur for eksamen fell 5. januar kl. 14.00. Sensuren blir publisert i Studentweb ca kl. 15.00 same dag.

Sensuren blir rekna som motteken av studentane når han er publisert i Studentweb. Vi minner om at kandidatar som ynskjer grunngjeving, må be om dette **seinast 1 veke etter sensur er fallen**. Frist for å klage på karakteren er tre veker etter sensur er fallen. Informasjon om rutinar for grunngjevingar og klager ved ISS finst på emnesida.

Oppgåvesettet består av **2 sider** inkludert denne.

Kandidaten skal levere både originalen og kopien av svaret. Kladd skal ikkje leverast.

NB! Skriv hardt nok til at kopien blir leseleg. Tusjpenn kan ikkje brukast.

Hugs å notere deg kandidatnummeret ditt.

**Du skal svare på både oppgave 1 og oppgave 2. I oppgave 2 svarar du enten på oppgave 2 A, eller 2 B. Oppgave 1 tel 1/3 og oppgave 2 tel 2/3 av den endelege karakteren.**

**NB! Ein sensor skal lese kopien av svaret ditt også. Skriv slik at dette blir leseleg.**

## **Oppgave 1**

**Gjer *kort* greie for tre av dei fire følgjande tema:**

- 1) Diagnostisk kultur (Løchen)
- 2) Klasse og stand
- 3) Det norske likestillingsparadokset
- 4) Sentralisering og desentralisering i lønnsforhandlingar

## **Oppgave 2**

**Svar på ÉI av følgjande langsvarsoppgåver:**

### **ENTEN 2 A: Durkheim og Tönnies**

Gjer greie for begrepspara «mekanisk og organisk solidaritet» (Durkheim) og «Gemeinschaft og Gesellschaft» (Tönnies). Drøft likskapar og skilnader mellom Durkheim og Tönnies sine begrepspar.

### **ELLER 2 B: Endring i livsfasar**

Gjer greie for endringane i livsfasane «ungdom», «familiefase» og «alderdom» dei siste 30 åra. Drøft deretter kva som kan vere drivkreftene bak endringane av dei ulike livsfasane.

Lykke til!

